

Årsberetning for Sunnfjord Kajakklubb 2013

RESULTAT		Endring 2013	Note
Inngående ballanse pr. 01.01.2013	Kr. 50.877,62		
Medlemskontingent		50.000,00	
Drift av naustet		10.369,00	
Drift av kajakkbasen		4.242,26	1
Drift basseng		4.350,00	
Kursaktivitet		- 13.500,00	
Drift ymse		- 25.026,24	} 2
Utgående ballanse pr. 31.12.2013	Kr. 81.312,64		
Resultat	Kr. 30.435,02		

HOVUDTREKK

Det har vore eit godt driftsår i Sunnfjord Kajakklubb. I løpet av 2013 har den nyetablerte juniorgruppa hatt eit formidabelt oppsving. Det er søkt støtte hjå fleire instansar og dette har gitt god utteljing. Meir om dette under punktet "Kajakkbasen" og i note 1.

Då vi sette opp budsjettet for 2013, såg vi ikkje føre oss at investeringane til juniorgruppa skulle kome så raskt som det har gjort, og i eit så stort omfang. Dette heng saman med at vi då ikkje visste om den pengestøtta vi kunne søke på og som vi seinare på året (2013), fekk tildelt. Det er difor til dels store avvik i budsjettet og reell drift av klubben i 2013.

Av resultatet ser vi, til liks med i fjor, at vi har hatt ein god kapitalauke, dvs kr. 30.435,02.

Inntektene frå medlemskontingent, utleige av kajakkar og kajakkplass i naustet, har ein jamn auke år for år. Utanom investeringa til juniorgruppa, har utgiftene vore til drift av klubben.

Ved årsslutt har vi kr. 69.074,64 på konto. I tillegg har vi pr. 31. desember uteståande krav på utsendte fakturaer for leige av kajakkar, leige av lagringsplass i naustet og bassengtrening på til saman kr. 11.780, samt beløp til gode på til saman kr. 458. Samla beholdning ved årsslutt, er såleis kr. 81.312,64.

DRIFT

Medlemmar

Ved årsslutt 2013 hadde vi 201 betalande medlemmar, pluss eit medlem som slapp å betale kontingent for 2013, då han meldte seg inn i slutten av november. Til saman altså 202 medlemmar, ein auke på 40 i høve til i fjor. Av desse er 12 born og ungdom som er med i juniorgruppa. Samla fekk vi inn kr. 50.000,- på medlemskontingent.

Kontingenten for vaksne er framleis kr. 250. For juniorpadlarane, dvs dei under 16 år, er kontingenten kr. 200 og vi gir kr. 50 i syskenmoderasjon for kvart sysken.

Naustet

Naustet har eit samla overskot på kr. 10.369.

Ved årsskiftet leigde medlemmar 26 av dei 48 plassane vi har for lagring av kajakkar. Med kr. 300,- i leige i halvåret, har det blitt kr. 15.000 i inntekt på utleige i 2013 (nokre ikkje heile året).

8 plassar blei nytta til klubben sine kajakkar, 7 plassar er reserverte (styret og to gåvetildelingar) + at to reserverte plassar for styremedlemmar sto unytta.

Vi hadde pr. 31.12.13 fire ledige utleigeplassar.

Kajakkbasen

Samla har kajakkbasen eit overskot på kr. 4.242,26.

Vi hadde kr. 15.000 i inntekt på utleige av kajakkar i 2013.

I 2013 er det blitt investert i nye kajakkar og utstyr som har høveleg storleik for juniorgruppa. Det er kjøpt inn tre polokajakkar og to havkajakkar med utstyr for kr. 43.788. Dette er berre starten på investering av utstyr til juniorgruppa. Det meste kjem neste år. I år har vi fått inn kr. 22.000 i gåvemidlar som er øyremerka investering til juniorgruppa, men vi har fått tilsegn om kr. 109.112 som vil komme inn i 2014. Vi har fått fylgjande gåver i 2013: kr. 6.000 frå Pricewaterhouse Coopers, kr. 6.000 frå Sparebankstiftinga, kr. 5.000 Førde kommune og kr. 5.000 frå Gaular kommune.

I 2014 får vi kr. 103.112 frå Gjensidigestiftinga og kr. 6.000 frå Thorsengruppen.

SKK har finansiert kr. 21.788 av det innkjøpte juniormateriellet.

I 2013 har vi i tillegg fått utstyr frå NPF til juniorgruppa til ein verdi av kr. 79.964 som ikkje er med i rekneskapen. Meir om dette i note 1.

Bassentrening

I 2013 vidareførte vi opplegget med padletrening i symjehallen ein time kvar måndag.

Bassentreninga viser eit overskot på kr. 4.350, men vi har ikkje fått faktura for leige av symjehallen i 2013.

Kursaktivitet

På tredje året har vi gitt økonomisk støtte til medlemmar som tar kurs. Suksessen frå 2012 med heile 22 personar på grunnkurs i havpadling, held fram i 2013 då vi hadde 19 medlemmar som tok kurset. Kurset kosta kr. 2.000,- og av det sponsa klubben kr. 500.

I tillegg hadde vi eit teknikkurs i havpadling som var gratis for medlemmar å vere med på. Kurshaldar fekk kr. 4.000,- for dette kurset.

Notar:

1. Norges Padleforbund (NPF) fekk i 2013 2,5 millionar kroner i støtte frå Sparebankstiftinga DnB NOR. Vi søkte på desse midlane for å investere i utstyr til den nyetablerte juniorgruppa. Vi fekk støtte til utstyr til ein verdi av kr. 79.964. Dette er midlar som NPF betalte direkte til dei respektive leverandørane av utstyret vi har søkt om. Vi har såleis ikkje fått midlar på konto, men utstyr levert til klubben som er ferdig betalt. Desse investeringane kjem såleis ikkje fram av rekneskapen for 2013. Utstyret som er kjøpt inn for midlane frå NPF, er som fylgjer:

4 stk Polokajakkar, juniorstorleik	Kr. 20.000
6 " Havkajakkar, juniorstorleik	" 42.975
Ymse utstyr: redningsvestar, spruttrekk, årer og taueliner	" 13.389
Frakt	" 3.600
	<hr/>
Sum	Kr. 79.964

Fullstendig oversikt over investeringane til juniorgruppa, vil kome fram i rekneskapen for 2014.

2. Årets rekneskap avdekka ein feil i inngåande saldo for uteståande betalingar for utsendte faktura. Saldoen for 1/1-2013 viser kr. 8.080 i uteståande midlar, medan rett beløp skal vere kr. 7.260. Differansen, kr. 820 er retta med korrigeringsbilag 31/12-2013.

Førde 20.02.2014

Rune Berge
(sign)
- kasserar -